
Saknr: 2021/50696-1
Saksbehandlar Grete Kathrine Jacobsen
Dato: 08.10.2021

Til: Hovudutval for næring

Frå: Avdelingsdirektør innovasjon og næringsutvikling

Kommunesamling hausten 2021 - frå plan til handling

Fylkeskommunen inviterte kommunane til digital samling om innovasjon og næringsutvikling torsdag 7. oktober. Hovudtema for samlinga var «frå plan til handling». Samlinga hadde 70 påmeldte frå 35 kommunar, og om lag 50 - 60 personar deltok.

På samlinga satt vi handlingsprogrammet til regional plan på dagsorden, og derav tittelen «frå plan til handling».

Status for arbeidet med handlingsprogrammet ble presentert, og i det vidare følgde innlegg om ulike tema knytt til satsingsområda.

Prosjektet grøn region Vestland er eit sentralt bidrag inn i handlingsprogrammet. På samlinga fekk vi høyre om korleis Indre Vestland og Hardanger jobbar med prosjektet.

Tilgang på rett kompetanse er ein utfordring for fleire bedrifter og kommunar i Vestland. På samlinga fekk vi høyre om korleis Nordfjord jobbar aktivt med desse spørsmåla.

For å sikre ein berekraftig utvikling av reiselivet treng vi å auke verdiskapinga utan å auke volumet turistar. Fylkeskommunen presenterte prosjektet «ein rikare reise» som ser på korleis ein kan nytte mat og kulturopplevingar for å auke verdiskapinga.

På den siste delen av samlinga utfordra vi kommunane til å kome med innspel: Korleis bør vi rigge oss for å hjelpe entreprenørane i heile Vestland? Dette er eit tema Fylkeskommunen jobbar med gjennom prosjektet «heilskapleg støtte til entreprenørar».

Vedlegg

- 1 Program kommunesamling 07.10.2021
- 2 Eit lite glimt av samlinga